



Så var den årlege avslutninga for turngruppa unnagjort. Onsdag ettermiddag vart hallen full i smånissar, karate kids, dansestjerner, og familien deiras. Fyrst på agendaen var det oppvisning. Smånissane laga ein stor ring og song eg gjekk meg over sjø og land.. Etterpå leika dei med fallskjermen. Det var nokre flinke smånissar som såg ut til å kosa seg under oppvisninga.

Så var det idrettsskulen sin tur. Fyrst var det turn, etterpå karate. Etter musikk frå filmen Rocky, "eye of the tiger" kom ungane som går i 1-4 kl, på rekka ut. Dei hadde kledd seg i kvite kle m belte på og såg skikkelig tøffe ut. Dei gjorde karate slag som dei hadde lært av Tor Olav Fredheim i haust. Med solbriller på avslutta idrettsskulen oppvisning med ein kul dans.



Karate framsyning



Kul dans med solbriller.

Etter oppvisninga var det kaffi, kaker og loddsalg. Det såg ut som om folk koste seg og dei kjøpte mykje lodd.



Ungane samlar seg rundt nissen, kveldens høgdepunkt.

Så var høgdepunktet for mange kome. Nissen var på vei! Vi samla alle ungane på golvet og alle var enige om at vi skulle synga for han. Ungane stemte i og vi song: På låven sitter nissen...Og nissen kom, og han vart omringa av ein ivrig barneflokk.

Det vart ei koselig førjuls-samankomst, og turngruppa vil takka alle som hjelpte til med arrangementet! Takkar og for eit flott trim år. Dei vaksne trimmarane fortsetter nok litt til. Mens resten møtes igjen på nyåret.

Vi vil og takka alle som har vore trenarar i Turngruppa i år. Tusen takk! Dåke er kjempeflott jobb!

Mvh Turngruppa v/Hege Lekva.

